

NotatDato: 23.05.2019
Arkivsak: 2018/505-23
Saksbehandlar: ireolse

Til: Fylkeskasseraren v/Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06031 - Bg. Handelsgym - rehab./VO - Bg. katedralskole**Rekneskap: 61 988 834****Totalt budsjett:****60 078 500****Kostnadsramme ved oppstart:****50 000 000****Årsbudsjett 2014 – 5 000 000****Utdrag:**

Drifta ved Bergen Handelsgymas vert frå 2014 del av Amalie Skram videregående skole. I skulebruksplanen er det vedteke at lokala skal nyttast av avdeling for vaksenopplæring ved Bergen Katedralskole. Før vaksenopplæringa flytter inn foreslår fylkesrådmannen å rehabilitere bygningen samstundes som ein legg til rette for universell utforming.

Førebels er det avsett 5 mill. kr i 2014 og 5 mill. kr i 2015.

Årsbudsjett 2015 – 45 000 000**Utdrag:**

Saman med brukargruppen for vaksenopplæringa er det no utarbeidd planar for rehabilitering av det gamle skulebygget. Det er planlagt noko endring i rominndeling og ny kantine. Det er også laga planar for universell utforming av bygget med mellom anna ny heis og HC-toalett. Ein vil og oppgradere innvendige overflater og rehabilitere delar av det tekniske anlegget. Utvendige fasadar vert behandla etter at eføyen no er fjerna. Byggearbeida startar opp rundt årsskiftet 2014/15 og er rekna å ta om lag eit år.

Kostnadsramme basert på forprosjekt med kalkyle er 50 mill. kr. Det er satt av 5 mill. kr til prosjektet i 2014 og fylkesrådmannen tilrår å sette av dei resterande 45 mill. kr i 2015.

Fuv 210/15 – 10 000 000**Utdrag frå saka:**

Det er tidlegare løyvd til saman 50 million kroner til tilrettelegging / ombygging av Bergen Handelsgymnasium for vaksenopplæringa. Prosjektet er venta ferdigstilt innan utgongen av året.

Ein ser imidlertid at ein har behov for ytterlegare løyvingar for å få til ei fullgod løysing. Årsaka til det auka behovet er dels knytt til meirkostnadar innom planlagt aktivitet og dels til at ein ser at det er hensiktsmessig å gjere prosjektet noko meir omfattande enn det som tidlegare har vore lagt til grunn.

Ein rår til at prosjektet vert utvida med ei total utskiftning / rehabilitering av taket til om lag 3 million kroner, oppgradering av sprednett for it til om lag 1 million kroner, oppgradering av belysning inne og ute til om lag 1 million kroner og etablering av bossbod til om lag 0,3 million kroner. Ein rår og til at det vært løyvd 0,7 million kroner til maling av fasade. Samla kostnad knytt til nye delprosjekt vert etter dette 6 million kroner.

Vidare er behova knytt til drenering / avgraving og utomhus tilpasningar, samt sanning av sopp og råteskader meir omfattande enn tidlegare lagt til grunn, slik at ein har vil få ein meirkostnad på om lag 3 million kroner. Til sist rår ein til at det vert løyvd 1 million kroner til diverse / reserve som mellom anna vil dekke kostnadar knytt til lønn for prosjektleiar.

Tidlegare løyvingar er gjeve som eigne løyvingar i budsjettbehandlinga for henholdsvis 2014 og 2015. Her rår ein likevel til at det blir gjeve ei løyving på 10 million kroner til sluttfinansiering av prosjektet frå posten for mindre ombygging / tilbygg.

Brev eigedom: 78 500,-

Eigedomgrensar inn til kommunalt eig tomt. Medan prosjektet pågjekk ramla det ned eit tre frå nabotomten og ned på skuleområdet. Arbeidet med å utbetre skadar og reinske skog kosta om lag 0,15 million kroner og kommunen gjekk, etter lange forhandlingar, med på å dekke om lag halvparten av dette.

Kommentar:

Det endelege prosjektet fekk eit mykje større omfang enn opphavleg lagt til grunn. I starten planla ein for ei avgrensa opprusting, men tidleg i prosessen endra ein til omfattande rehabilitering av bygget, med ei kostnadsramme på 50 million kroner.

Endringa frå 50 til 60 million kroner er gjort greie for i samband med løyvinga på 10 million kroner i Fuv sak 210/15.

Overskriding på 1,9 million kroner i forhold til revidert ramme er mellom anna knytt til Investering i SD-anlegg, som ikkje var tatt med i prosjektet, samt at sluttoppgjøra, mellom knytt til rigg og drift, vart dyrare enn kalkulert.

Jostein Fjærestad
Eigedomdirektør

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Rapport